

## Innkalling

---

**Utval:** Ålesund kontrollutval

**Møtestad:** Ålesund rådhus, lågblokka 4. etg

**Dato:** 28.01.2025

**Tidspunkt:** 15:30

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@skisks.no](mailto:post@skisks.no) eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærmere beskjed frå sekretariatet.

### Sakliste

- |          |   |
|----------|---|
| PS 01/25 | Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte |
| PS 02/25 | Oppfølging av undersøking budsjettprosess                         |
| PS 03/25 | Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2024                    |
| PS 04/25 | Revisor si risikovurdering for forenkla etterlevingskontroll 2024 |
| PS 05/25 | Bestilling av prosjektskisse til eigarskapskontroll 2025          |
| PS 06/25 | Status for framdrift i arbeidet med forvaltningsrevisjon          |
| PS 07/25 | Meldingar og skriv  |
| MS 01/25 | Husleige kommunal bustad - klagesak                               |
| MS 02/25 | Kommunestyrevedtak - Plan for eigarskapskontroll 2024-2027        |
| MS 03/25 | Om valbarheit til kontrollutval                                   |
| MS 04/25 | Protokoll frå generalforsamling Attvin AS - 26.11.2024            |

Ålesund, 21.01.2025

Svein Rune Johannessen  
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme  
Seniorrådgivar SKS IKS



## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 01/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

#### **Vedlegg**

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 26.11.2024

## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 02/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Oppfølging av undersøking budsjettprosess Ålesund kommune**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek framdriftsplanen som er lagt fram til vitande, og vil halde seg orientert om prosessen vidare.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Ålesund kommunestyre vedtok 25.04.2024 å be kommunerevisjonen om ei vurdering av Ålesund kommune sin budsjettprosess, for å sjå kva endringar som må til for at kommunestyret skal ha eit realistisk grunnlag for prioriteringar, og kunne vedta eit realistisk budsjett.

Møre og Romsdal revisjon SA utførte oppdraget og dei la fram rapporten for kontrollutvalet 29.10.2024. Rapporten med kontrollutvalet si tilråding, vart sendt til kommunestyret og behandla 14.11.2024.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

*1 - Kommunestyret ber kommunedirektøren*

- *om å iverksette ein prosess for å revidere økonomireglementet og ta med dei vurderingar rapporten peikar på*
- *gå gjennom kvalitetssystemet knytt til økonomiforvaltninga, og sjå nærmare på dei punkta som rapporten tek opp.*
- *legge fram for kontrollutvalet ein framdriftsplan for oppfølging av desse tiltaka, innan medio januar 2025.*

*2 - Kommunestyret ber kontrollutvalet om å halde seg orientert om prosessen og rapportere tilbake til kommunestyret*

**Vurdering:**

Kommunedirektøren ved økonomisjef Lars Fylling har oversendt ein framdriftsplan i tråd med siste kulepunkt under punkt 1 i kommunestyret sitt vedtak.

Kontrollutvalet bør halde seg orientert om framdriftsplanen vert fulgt, og be om informasjon om prosessen, for å kjenne til i kva grad dei forbettingspunktene rapporten peikar på er fulgt opp.

**Vedlegg**

Framdriftsplan for oppfølging av tiltak knytta til budsjettprosessen i Ålesund kommune

Revisor sin rapport etter undersøking av budsjettprosessen

## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 03/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Revisor sin rapport etter interimrevisjon 2024 Ålesund kommune**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2024 til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Revisor har eit sjølvstendig og fagleg ansvar for å revidere årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunen, i samsvar med lover, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Årsrekneskapen skal reviderast før den vert lagt fram for handsaming i kommunestyret. I tillegg til revisjon av årsrekneskapen til kommunen, vil oppgåvene til revisor omfatte ei rekke attestasjoner, som til dømes knytt til kompensasjon av meirverdiavgifta til kommunen.

Interimrevisjon er den revisjonen som blir gjennomført for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året.

I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

Revisor skal gjennom sine kontrollar gje ein tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien og bruken av midlane.



### **Vurdering:**

I kontrollutvalet sitt møte 28.01.2025 vil oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen, gje kontrollutvalet ei oppsummering av interimsrevisjon 2024.

Revisor si oppsummering kan gje kontrollutvalet informasjon om at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet vert informert om viktige forhold som vert avdekt. Dersom der er avdekt manglar ved den økonomiske interimrevisjonen, så bør kontrollutvalet undersøke med revisor om desse funna er av ein slik grad, at dei fører til eventuelle endringar for revisjonsplanen av årsrekneskapen 2024.

### **Vedlegg**

Rapport etter interimrevisjon 2024

## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 04/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Revisor si risikovurdering for forenkla etterlevingskontroll 2024 Ålesund kommune**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek informasjonen frå revisor om vurdering av risikoområder for forenkla etterlevingskontroll 2024 til vitande og støttar revisor sitt val av området Vidare utlån - Startlån.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Gjennom ein forenkla etterlevingskontroll skal revisor bidra til å sikre at kommunen følgjer reglar og vedtak for økonomiforvaltinga innan eit avgrensa område. Arbeidet skal byggje på ei vurdering av risiko og kva som er viktig, og vurderinga skal leggjast fram for kontrollutvalet.

Innan 30. juni skal revisor gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen.

Revisor nytta standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarer ved utføring av forenkla etterlevingskontroll.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement i forlengelsen.

Målet med kontrollen er å bidra til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i viktige delar av økonomiforvaltinga som ikkje alltid blir kontrollert i den finansielle revisjonen. For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å sjå etter at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet. Det er ein del av kontrollutvalet si påsjåar-rolle.

#### **Vurdering:**

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast gjennom ein forenkla etterlevingskontroll, med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Revisor identifiserer

område i økonomiforvaltinga der det er størst behov for at føresegner og vedtak blir følgde, avhengig av kva konsekvensar manglande etterleving kan få.

Revisor vil i møtet 28.01.2025 presentere risiko- og vesentlegvurderinga. Denne gir grunnlag for dialog mellom revisor og kontrollutval om kva revisor vil og bør følge opp. Kontrollutvalet kan gje innspel til vurderinga, men det er revisor som vel ut området for den forenkla etterlevingskontrollen.

I revisor si risiko- og vesentlegvurdering er det tatt med ei oversikt over kva områder det har vore forenkla etterlevingskontroll på dei siste åra. Det ligg og ei oversikt over andre attestasjonoppgåver og nummererte brev.

Revisor melder om at det pt. ikkje er uavklarte forhold knytt til det som er meldt kontrollutvalet gjennom nummererte brev.

**Heimelsgrunnlag:**

- Kommunelova § 24-9
- RSK 301 Forenklet etterlevelseskонтroll med økonomiforvaltningen
- Økonomireglement for Ålesund kommune

**Vedlegg**

Risikovurdering forenkla etterlevingskontroll 2024

## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 05/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Bestilling av prosjektskisse til eigarskapskontroll 2025 Ålesund kommune**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Ålesund kontrollutval bestiller ein eigarskapskontroll 2025 frå Møre og Romsdal Revisjon SA, og ber om at det vert lagt fram ein prosjektplan til neste møte.

Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 20. februar og innehalde

- problemstillingar i tråd med dei innspela kontrollutvalet har gjeve i møtet
- kva type informasjon som skal hentast inn, og korleis
- framdriftsplan
- forventa ressursbruk

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Eigarskapskontroll er ei av dei to kontrollhandlingane som før vart kalla selskapskontroll. Tidlegare var denne kontrollen i to delar med ein obligatorisk del - eigarskapskontroll, og ein friviljug del, som var forvaltningsrevisjon i selskap.

I noverande kommunelov er både forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll lovpålagte oppgåver for kontrollutvalet.

Eigarskapskontroll er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under folkevald styring og kontroll. Dette er ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine interesser i dei selskap kommunen eig. Det kan gjerast ein kontroll av om den som utøver kommunens eigarinteresser i selskap, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Ein eigarskapskontroll er ei enklare kontrollform enn forvaltningsrevisjon, og undersøkinga baserer seg gjerne på eit mindre omfattande datamateriale/færre kjelder enn ein forvaltningsrevisjon.

Ålesund kommunestyre har vedteke Plan for eigarskapskontroll 2024-2027, og det er opp til kontrollutvalet å sette denne i verk ved å sende bestilling til Møre og Romsdal Revisjon SA.

Ålesund kommune har ei gjeldande eigarskapsmelding. Det er gjort ei enkel rullering av denne i samband med at Haram gjekk ut. Det vart ikkje gjort endringar i sjølve strategien og prinsippa. Kommunen sin eigarstrategi for dei tre utvalde selskapa er omtala særskilt i eigarskapsmeldinga.

Det er under arbeid ei større rullering av eigarskapsmeldinga i løpet av 2025, og rapporten frå eigarskapskontrollen kan i så måte vere nyttig i den samanheng.

#### **Vurdering:**

Kontrollutvalet skal på dette stadiet i prosessen bestille ein prosjektplan frå revisjonen, der utvalet seier noko om omfang og tilnærming til oppdraget.

I den vedtekne plan for eigarskapskontroll er det sett opp tre selskap.

- Ålesund kommunens administrasjonsbygg AS
- Sandøy energi AS
- Sørsida utvikling AS, med underliggende datterselskap

Eigarskapskontrollen er ikkje ein kontroll av de enkelte selskap. Kontrollhandlinga skal fokusere på korleis kommunen utøver eigarstyring. Kontrollere om den som representerer kommunen sine interesser på generalforsamling eller i representantskap, treffer avgjerder i samsvar med relevant lovgjeving og elles opptrer i tråd med kommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene.

Kontrollutvalet bør i møtet gje sine innspel til revisor, slik at revisor kan arbeide fram ein god prosjektplan. Når prosjektplanen ligg føre bør kontrollutvalet og revisor drøfte dei konkrete problemstillingane nærmare. Dette for å sikre at bestiller og utfører har ei felles forståing av kva ein ynskjer å undersøke gjennom kontrollhandlinga.

Ein prosjektplan skal som eit minimum innehalde problemstillingar, kva type informasjon som skal hentast inn, og korleis, framdriftsplan og forventa ressursbruk

#### **Heimel:**

- Kommunelova § 23
- Kommunelova kapittel 26
- RSK "Standard for eigarskapskontroll"

#### **Vedlegg**

Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 Ålesund kommune - vedteken.pdf  
Hva kjennetegner god eierstyring - NKRF - publisert 01.11.2021

## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 06/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### Status for framdrift i arbeidet med forvaltningsrevisjon Ålesund kommune

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet takkar for informasjon om framdrift i forvaltningsrevisjonen frå forvaltningsrevisorane, og tek informasjonen til vitande.

**Bakgrunnsinformasjon:**

Utklipp frå prosjektplanen:

**5.1 FREMDRIFTSPLAN**

Vi anslår at prosjektet kan gjennomføres på 400 timer. Timeanslaget inneholder forberedelse av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, datainnsamling- og analyse, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timeantallet omfatter også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalget.

| AKTIVITET   | PLANLAGT UTFØRT |
|---|-----------------|
| Bestilling  | 03.09.2024      |
| Prosjektplan behandles i kontrollutvalget         | 29.10.2024      |
| Arbeid med rapport                                | Nov-feb 2025    |
| Høringsperiode                                    | Mars 2025       |
| Planlagt behandling av rapport i kontrollutvalget | April 2025      |
| Planlagt behandling av rapport i kommunestyret    | Mai 2025        |

For å kunne gjennomføre prosjektet innen fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innen de frister som blir satt. I tillegg er vi avhengig av at utvalgte personer stiller til intervju og verifiserer referat innen rimelig tid.

**Vurdering:**

Der er nokre spørsmål som det kan vere nyttig at revisjonen gjev svar til kontrollutvalet på:

- Har revisjonen fått tilgang til den informasjonen/dokumenta og dei personane dei ynskjer?
- Er framdrifta og ressursbruken i tråd med bestillinga og prosjektplanen?
- Dei problemstillingane som er skisserte i prosjektplanen, treng utvalet og revisor å drøfte noko justering av desse?
- Er der utfordringar som revisjonen har støtt på som kontrollutvalet kan bidra til å løyse?

Kontrollutvalet bør vurdere om de har andre spørsmål eller områder som er uavklart knytt til denne kontrollhandlinga, som supplerer den informasjonen Møre og Romsdal revisjon SA gir i møtet.



## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| PS 07/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### Meldingar og skriv

#### Underliggande saker

- 01/25 Husleige kommunal bustad - klagesak
- 02/25 Kommunestyrevedtak - Plan for eigarskapskontroll 2024-2027
- 03/25 Om valbarheit til kontrollutval
- 04/25 Protokoll frå generalforsamling Attvin AS - 26.11.2024



## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| MS 01/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Husleige communal bustad - klagesak Ålesund kommune**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Kontrollutvalsekretariatet har motteke ein førespurnad som omhandlar ei klagesak nytt til husleigearbeide i 2022 for ein communal bustad.

Klagar har fått vedlagte svar på sin førespurnad til kontrollutvalet, og sekretariatet kan orientere utvalet i møtet.

#### **Vedlegg**

Svar på førespurnader til kontrollutvalet om klagesak husleige communal bustad - etterspør svar frå kommunen



## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| MS 02/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### Kommunestyrevedtak - Plan for eigarskapskontroll 2024-2027

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga om vedtaket til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Ålesund kommunestyre vedtok Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 i tråd med kontrollutvalet si tilråding.

#### **Vedlegg**

Plan for eigarskapskontroll 2024-2027 - Sak frå kontrollutvalet



## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| MS 03/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### Om valbarheit til kontrollutval

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek denne informasjonen til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Vedlagt er Kommunal- og distriktsdepartementet sine svar på spørsmål om reglane for kven som er valbare til kontrollutval.

Det vert mellom anna presisert at avlastar og støttekontakt er å rekne som tilsette. Tilsette er ikkje valbare.

Og om ein person er oppdragstakar eller tilsett, må vurderast ut frå fleire forhold i forarbeida og rettspraksis. Om avtalen vert kalla oppdragsavtale, er ikkje avgjerande. Så er der nokre avklaringar knytt til om personar som har verv i statlege organ, samvirkeføretak, interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap.

#### **Vedlegg**

Svar på spørsmål om valbarheitsreglar til kontrollutval



## Saksframlegg

|          |                       |            |
|----------|-----------------------|------------|
| Saksnr.  | Utval                 | Møtedato   |
| MS 04/25 | Ålesund kontrollutval | 28.01.2025 |

### **Protokoll frå generalforsamling Attvin AS - 26.11.2024**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Protokoll frå generalforsamling 26.11.2024 er lagt ved slik at kontrollutvalet kan vere kjent med dei. Dette er eit ledd i kontrollutvalet sitt ansvar for kontroll med eigarstyring og selskap.

#### **Vedlegg**

Protokoll frå generalforsamling i Attvin 26.11.2024

Instruks for valkomiteen i Attvin AS

Orientering om arbeidet i Attvin - 26.11.2024